




Anna Olava

Tøfler

Diagram:



- = Rett
- ▤ = LLS, løft, løft, strikk dei to vridd r saman
- ▥ = 2 rett saman
- = Kast
- = Vrang
- ⏏ = Løft 1 m av, 2 rett saman, løft den første over



Størrelse:

Dame

Garneksempel:

HS BFL Silky Sport + HS Silk Mohair

Garnmengde:

Ca. xx g i str. 38

Pinneforslag:

Ca. 3,5 - 4 mm

Strikkefastheit:

22 m pr 10 cm

Desse tøflane er strikka frå tåa og opp. Glattstrikka tå og hæl, blondemønster oppå foten og avslutta med I-cord rundt ankelen

Pinne 1 er under foten, og pinne 2 er over foten om du bruker magic loop.

Forkortingar:

LLS = løft, løft, strikk:

Løft 2 m som dei skulle strikkast rett, over på høgre pinne ein for ein. Sett dei tilbake på venstre pinne og strikk dei vridd rett. Maskane skal då legge seg mot venstre.

SFB = Strikk i framre og bakre maskeboge på same maske = 1 maske auka.

RS = Rettsida

VS = Vrangsida

Tå:

Legg opp 9 m på kvar pinne med Judy`s magic cast on, totalt 18 masker.

Strikk ein omgang rett.

No skal du begynne å auke til tåa:

- Omg. 1: *SFB, strikk rett til 2 masker står igjen på pinne 1, SFB, 1 rett* Gjenta *-* på pinne 2.
- Omg. 2: Strikk alle maskane rett.

Fortsett å strikke omg. 1 og omg. 2 til du har 21 m på kvar pinne.

Totalt 42 m.

Avslutt med omg. 2.

Fot:

Når tåa er ferdig fortsetter du med å strikke mønster etter diagrammet. Glattstrik under foten på pinne 1, mønster oppå foten på pinne 2. Strikk til foten har ønska lengde før hælfelling. Sjå tabell. Tabellen viser heil lengde av foten. Hælen måler ca. 7 cm.

	EUR	CM
	52	34.0
	51	33.4
	50	32.7
	49	32.1
	48	31.4
	47	30.8
	46	30.1
	45	29.5
	44	28.8
	43	28.1
	42	27.5
	41	26.8
	40	26.2
	39	25.5
	38	24.8
	37	24.2
	36	23.5
	35	22.9

Hælkile:

No skal du auke til hælkilen på undersida av foten (pinne 1), slik:

- Omg. 1, pinne 1: SFB, strikk rett til står att 2 masker, SFB, 1 rett.
- Omg. 1, pinne 2: Mønster etter diagram.
- Omg. 2, pinne 1: Rett
- Omg. 2, pinne 2: Mønster etter diagram.

Gjenta desse to omgangane til du har 35 masker på pinne 1.

Hæl:

No skal du forme hælen og berre strikke på pinne 1. Hælen er glattstrikka.

Du skal felle inn igjen dei maskane du auka til hælkilen:

- Omg. 1 RS: Strikk 20 r, LLS, 1 rett, snu.
- Omg. 2 VS: Ta ein maske laust av, 6 vr, 2 vrangt saman, 1 vrang, snu.
- Omg. 3 RS: Ta ein maske laust av, strikk rett til en maske før hol, LLS, 1 rett, snu.
- Omg. 4 VS: Ta ein maske laust av, strikk vrangt til en maske før hol, strikk 2 vrangt saman, 1 vrang, snu.

Gjenta omg. 3 og 4 til alle sidemaskane er strikka og du igjen har 21 masker på pinne 1.

Skaft og avfelling:

Strikk 1 omg. rett. Plukk gjerne opp 1 m i kvar side og strikk den vridd rett i lag med nabomasken for å unngå hol.

Strikk 8 omg. ribb, 1 vridd rett, 1 vrang

Fell av med I-cord slik: Start med å strikke 3 m i første m. Sett dei 3 tilbake på pinnen. Strikk 2 rett, 2 vridd rett saman. Sett 3 m tilbake på pinnen. Fortsett slik omg. ut. Fell av dei 3 siste m og sy saman I-corden med maskesting. Pass på at avfellinga ikkje vert for trang.

Eg vil gjerne sjå ditt ferdige produkt på Instagram! Tagg med @hettestrikk, og #annaolavatøfler om du vil. Lykke til!

Elisabeth